
Fra: Judith Eknes <juditheknes@outlook.com>
Sendt: torsdag 19. september 2019 11.02
Til: Postmottak Meland
Kopi: Øyvind H Oddekalv
Emne: Krav om innsyn - etterlyser svar

Eg viser til mail sendt 12.08.19, samt purringar 16.08.19 og 20.08.19, som eg enno ikkje har mottatt svar på.

Ut frå kommunen sine eigne opplysningar på nettsida, skal eg kunne forvente svar innan 1-3 dagar, eller få tilbakemelding dersom det tek lenger tid å svare.

Eg har bedd om opplysningar om kor stort kloakkanlegget på Landsvik er. Eg har spurt kor mange pe det er dimensjonert for, og kva for type anlegget blir rekna som, i forhold til Forureiningslova – altså kva for lovverk som gjeld for dette anlegget.

- Etter ein telefonrunde til kommunen, fekk eg til slutt muntleg opplyst at anlegget er dimensjonert for 120 pe. Eg vil gjerne ha skriftlig bekreftelse på at dette stemmer.

- Eg har tidlegare fått opplyst at det er 11 husstander som i dag er påkobla anlegget. Eg vil gjerne vita kor mange pe, per husstand, kommunen bruker som grunnlag for beregning av kapasitet på anlegget.

- Eg ønsker også informasjon om kloakkanlegget (fast eller tidvis) håndterer kloakk frå andre typer verksemder (f.eks hestesenteret) i tillegg til oppgitt antall husstander. I såfall kor mange pe utgjer dette.

- Ut frå type/størrelse på kloakkanlegget, skal det vera rutiner for kontroll og evt rapportering av resultat. Eg vil gjerne ha så detaljert innsyn som mogleg, i rutiner og kontroller som er gjort. Dette er opplysningar som er direkte knytt til handsaminga av ei sak som har hatt store konsekvensar for meg – og ber difor om at nevnte opplysningar vert lagt fram.

- I tillegg til rutinemessige rapportar, ønskjer eg også å få innsyn i andre aktuelle rapportar knytt til det kommunale kloakkanlegget på Landsvik. Eg har mottatt kopi av rapport frå Asplan Viak frå 2014, og videomateriale frå synfaring utført av Skarsvåg i 2018.

Dersom det finst meir dokumentasjon knytta til omtalte kloakkanlegg (rapportar eller f.eks. videomateriale), vil eg be om innsyn i dette.

Eg ber om rask tilbakemelding. Dersom eg ikkje har innsynsrett i enkelte delar av det eg ber om, ynskjer eg utfyllande informasjon om kva som er offentleg, og kva som evt. Ikkje er det (med henvisning til lovverket).

Med helsing

Judith Eknes
Landsvik 55
5917. Rosslund

Få [Outlook for iOS](#)